



Lindås kommune ved Ole Jacob Aarland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/356 - 16/634

Saksbehandlar:

Kristine Rossnes

kristine.rossnes@fedje.kommune.no

Dato:

04.03.2016

16/5514 TILBAKEMELDING ETTER TILSYN

Viser til tilsynsrapport datert 18.11.2015, og påminning datert 20.02.2016.

§ 19, Inneklima/luftkvalitet

Det vart i rapporten peika på inneklima i «mellomgarderoben», som då vart nytta til samlingsstunder. Rommet vart etter tilsyn rekna som ikkje tilfredstillande , i dette høve.

Dette rommet er ikkje rekna inn det som ligg i godkjent leike og opphaldsareal for barnehagen.

Rommet er tilhøyrande garderobeanlegget til Fedje idrettslag, som barnehagen får nytte til ekstra areal utanom sesongen.

Som konsekvens av tilsynet, har barnehagen slutta å nytte rommet til samlingsstunder. Rommet er per no nytta til oppbevaring av vogner som ikkje er i bruk.

Det er i dag ikkje nokon planar med politisk nivå om omfattande inneklimasatsingar i barnehagen i år. Alle kommunale bygg treng opprusting, og etter samtale med Rådmannen kjem det fram at det er gjort ei politisk prioritering som ikkje prioriterer barnehagen dei neste to åra.

I påvente av utbetring, held ein fram med gode lufterutinar og uteleik midt på dagen. Det er eit ynskje at det vert utført inneklimakartlegging årleg, då talet på barn og vaksne er svært variable.

§ 13, Reingjering og vedlikehald

Golvbelegget i yttergarderoben skal etter avtale med teknisk sjef, skiftast innan 01.08.2016.

Med helsing

Kristine Rossnes

barnehagestyrar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ernst Horgen

Øyvind Tolleshaug

Mottakarar:

Lindås kommune ved Ole Jacob
Aarland